

Notat


Sambandet Vest - innspel til Nasjonal transportplan 2018-29

Selskapet Sambandet Vest AS er etablert for å arbeide for planlegging og realisering av eit tverrsamband i aksen Sotra/Øygarden - Askøy - Nordhordland. Selskapet er eigd av kommunane Askøy, Bergen, Øygarden, Austrheim, Meland, Sund, Fjell, Radøy og Lindås, samt verksemdar innan regionalt næringsliv.

Sambandet Vest AS har utarbeidd forprosjekt med trafikkanalyser og teknisk/økonomisk vurdering av ulike variantar av undersjøisk tunnel og brusamband nord på Askøy mot Meland. I 2015/2016 fekk selskapet utarbeidd ein konseptanalyse som avklarar/presiserer målsettingane med Sambandet vest og traseløysing/konsept.

Sambandet Vest vil vere ein viktig del av det regionale vegnettet, men vil òg ha ein funksjon som omkøyringsveg/beredskapsveg for E39. Utbygging av ferjefri E39 er ein av dei store samferdselsoppgåva dei neste 20 åra – også vegsambandet mellom fjordkryssingane. Aksa mellom Stord og Bergen med vidare omkøyringsveg i Bergen (ringveg aust) og ny E39 gjennom Åsane til Nordhordlandsbrua (Nordhordlandstunnelen) er aktuelle prosjekt i næraste framtid. Vidare er det konkrete planar for vidareutvikling av E39 i Nordhordland mot Sogn grense.

Utbygginga frå sør opp mot Nordhordlandsbrua og nord for Nordhordlandsbrua vil skape eit samanhengande moderne vegsystem tilrettelagt for å utløse verdiskaping knytt til regionforstørring/næringsutvikling i heile Bergensregionen. Utfordringa vil på sikt vere at Nordhordlandsbrua med sine 2 køyrefelt vil kunne bli ein flaskehals og eit sårbart punkt langs ei samanhengande, ferjefri E39 med stort trafikkvekstpotensiale. Etablering av ny bru/fjordkryssing mot Nordhordland kan bli ei for stor oppgåve i overskodedeleg framtid, og ein må derfor truleg leve med dagens Nordhordlandsbru i lang tid.



Sambandet vest vil kunne redusere sårbarheit og avlaste Nordhordlandsbrua, og dermed sikre eit meir robust, overordna transportnett. Som omkøyringsveg/beredskapsveg for E39 vil Sambandet vest ha ein overordna transportfunksjon, og bør av den grunn vurderast inn mot Nasjonal transportplan 2018-29.

I tillegg til beredskapsfunksjon for E39 vil Sambandet vest ha regionale transportfunksjonar i Bergensområdet som er av vital betydning for transportberedskap og tilrettelegging for næringsutvikling, mellom anna som nytt fastlandssamband for Askøy. Askøy kommune har nær opp til 28.000 innbyggjarar og er i sterk vekst. Kommunen er - på same måte som Sotra - avhengig av ei 2-felts bru (og 2-felts Olsviktunnel) for transport inn/ut av kommunen. Kapasiteten på Askøybrua er allereie fullt utnytta i dagens situasjon (ÅDT ca. 20.000).

Til orientering er samandraget frå konseptanalysen for Sambandet vest vedlagt dette notatet.

Bergen 18.mai 2016

Sambandet Vest AS

Vedlegg. Samandrag frå konseptanalyse datert 22.mars 2016


Sambandet Vest vil særleg ha to viktige mål/funksjonar: **Næringsutvikling** og **transportberedskap**.

1) Sambandet vil kunne medverke til næringsutvikling gjennom å knytte saman Sotra/Øygarden – Askøy – Nordhordland slik at det vert større, samanhengande bu – og arbeidsmarknadsregionar med effektive og forutsigbare kommunikasjonar. Sambandet Vest vil gje tilgang til nye næringsområder og vil kunne skape nye kommunikasjonsmønstre og utnytting av nye areal til busetting og næring.

2) Sambandet Vest vil redusere sårbarheiten på det regionale hovudvegnettet i Bergensregionen og med dette medverke til styrkja transportberedskap. Askøy får to samband inn og ut av kommunen og Nordhordland/E39 får ein alternativ omkøyringsveg til Bergensområdet via Askøy. *Konkret, tenkt eksempel/scenario: Vogntogbrann i Olsviktunnelen som er tilførselsveg til Askøybrua - omfattande skadar på tunnel og teknisk utstyr i tunnelen (jfr. E39 Gudvangetunnelen) – langvarig stenging av tunnelen. Askøybrua fraktar ca. 20.000 køyretøy med ca. 30.000 personar over brua dagleg. Langvarig stenging av brua vil medføre store samfunnsmessige konsekvensar. Sambandet Vest ville ivaretatt transportbehovet i ein slik situasjon.*


Det er vurdert ulike konsept/prinsipp-løysingar for Sambandet Vest; frå eit ytre samband i nord til eit tverrsamband helt i sør som vil kunne vere eit element i eit fullt ringvegssystem i Bergensområdet. Basert på vurdering av måloppnåing er det konkludert med å tilrå Konsept 2: Regionalt samband Askøy-Nordhordland, med kryssing av Herdlefjorden med bru frå Abedisso (Askøy) til Eikeland (Meland), og med nytt brusamband vidare mot Radøy over Bognøystraumen.

Det er vidare tilrådd å vidareutvikle det regionale tilførselsvegnettet slik at tverrsambandet får effektive forgreiningar inn mot tyngepunkta i regionen (Kleppestø, Knarvik, E39/Bergen), mellom anna byggje ut ein komplett ringveg i Meland og knyte saman hovudvegane på Radøy.



Figur 1. Tilrådd konsept/prinsipp-løysing for Sambandet Vest.

Det er tilrådd gjennomføring av Sambandet Vest i to delprosjekt:



Figur 2. Gjennomføring i to delprosjekt.

Det er lagt opp til å gjennomføre kryssinga av Herdefjorden som eit sjølvstending bompengeprojekt med evt. ekstraordinær statleg og fylkeskommunal delfinansiering. Statlege midlar er knytt opp til behovet for auka transportberedskap for Askøy og Nordhordland/E39.

Delprosjekt to er foreslått gjennomført i ulike etappar gjennom revisjon(ar) av Nordhordlandspakken og Askøypakken, med finansiering ved hjelp av bompengar og fylkeskommunale vegmidlar. Det er skissert framlegg til ekstraordinære statlege midlar knytt opp til kommunereforma og/eller næringsutvikling.

Det er lagt fram eit forslag til planstrategi og framdriftsplan med siktemål å byggje ut Sambandet Vest i perioden 2021 til 2029.

